

# Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: **01.03.2018, kl. 15:00-18:40**  
Møtestad: Scandic Sunnfjord hotell, Førde

**Styremøtet var ope for publikum og presse**

## **Deltakarar frå styret**

Agnes Landstad	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Ole Gunnar Krakhellen	Medlem
Tor Vidar Myklebust	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Hans Jacob Westbye	Medlem
Arthur Norevik	Medlem
Audun Nedrebø	Observatør

## **Deltakarar frå administrasjonen**

Arve Varden, administrerande direktør  
Børge Tvedt, kst. viseadm. direktør/ direktør Psykisk helsevern  
Anne Kristin Kleiven, kst. viseadm. direktør  
Trine Vingsnes, direktør Kirurgisk klinikk  
Signe Nordvik, kst. direktør Medisinsk klinikk  
Arne Skjelten, HR-direktør/ kst. direktør Stab/støtte  
Halfdan Brandtzæg, økonomidirektør  
Kristine Longfellow, fagdirektør  
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef  
Stig Igland, samhandlingssjef  
Berit Irene Haarklau, referent

## **Andre deltakarar**

Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør

## Sakliste

---

- 007/2018 Godkjenning av innkalling og dagsorden  
009/2018 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 25.01.2018  
009/2018 Administrerande direktør si orientering  
010/2018 Rapportering frå verksemda per januar 2018

Saker til orientering:

- 011/2018 Oppfølging av forskrift om leing og kvalitetsforbetring  
012/2018 Status Nye Førde sjukehus  
013/2018 Eventuelt  
Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, brukarrepresentant, administrasjonen, publikum og presse velkommen til dagens styremøte ved Scandic Sunnfjord hotell.

Det vart kort presentasjonsrunde av nye og tidlegare styremedlemmer og adm. direktør.

## **007/2018 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden.

Sak til Eventuelt var styret sin møteplan.

9 dokument var utsendt til Skriv og meldingar. Nye dokument lagt på bordet var dokument til styreseminar 2. mars:

- Styringsmål 2018 – lommeformat
- Rapport Kartlegging personell- og profesjonssamansetting i Helse Førde
- Pasientens helseteneste Helse Førde 2030

### **Vedtak (samrøystes):**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

## **008/2017 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 26.01.2018**

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokoll frå styremøte 26.01.2018.

## 009/2018 Administrerende direktør si orientering

Adm. direktør Varden orienterte om:

### 1. Førebels resultat 2017

Status etter første rekneskapslukking etter desember gav eit samla resultat på om lag 2 millionar, dvs. 13 millionar bak budsjett.

- Lønnsområdet om lag 12 mill. betre enn prognose
- Pasientreiser om lag 8,5 mill. betre enn prognosen
- Gjestepasientar om lag 8,5 mill. betre enn prognosen

Etter det er to store postar tekne inn i rekneskapsen for 2017.

- ISF-avrekninga for 2016, 11 mill.
- Forlik Skanska, 9 mill.

I tillegg har avstemmingane i årsrekneskapsen samla vore positive og betra resultatet som no er på over 26 mill. Det er framleis noko uvisse knytt til pensjonsområdet, om lag 12 mill.

*Styret kommenterte at utviklinga i pasienttransport bør analyserast over tid. Styret gav honnør til helle organisasjonen for det betra resultatet for 2017, som gjev Helse Førde ein god inngang til 2018.*

### 2. Organisering av dagambulansar i 2018

Henvisning til oppslag i Fjordingen: «Helse Førde skal spare: Kuttar i beredskapen»

Planlagt organisering av dagambulansar i samsvar med budsjett 2018 inkluderer planlagt parkering i periodar for stasjonane i Luster, Eide, Førde, Stryn, Vågsøy og Høyanger. Det er avtalt dialogmøte med ordføraren i Stryn om dagambulansen.

Kommunikasjonssjef Ulvedal orienterte om:

### 3. Medieinteresse om Helse Førde

Oversikt om oppslag om Helse Førde i 2017 vart presentert.

Tellingane viser store medieinteresse om føretaket vårt.

*Styret kommenterte at det er viktig å ha ein open og god dialog med media.*

*Styret etterspør ein årleg presentasjon av medieinteresse om Helse Førde.*

Adm. direktør Varden orienterte om:

### 4. Rapportering tilsynssaker

Status for tilsynssaker frå Fylkesmannen og Arbeidstilsynet.

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om:

#### **5. Orientering om Alle møter**

Kst. viseadm. direktør/direktør Psykisk helsevern Tvedt orienterte om:

#### **6. Retningslinjer vern mot vald og truslar**

Årsoversikt vald og truslar mot tilsette, viste noko nedgang på saker i 2017. Prosjekt vern mot vald og truslar blei gjennomført i Helse Førde i 2017, dette som del av eit større arbeid med fokus på HMS i Helse Vest.

#### **7. Psykosepost ved FSS**

Brev frå LPP Sogn og Fjordane ang. nybygg Psykiatrisk klinikk, vart utsendt som «Skriv og melding». Ein ønskjer dialog med foreininga og det er invitert til møte.

Adm. direktør Varden orienterte om at Oppdragsdokument 2018 vart slått saman med rapporteringa.

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om:

#### **8. Kartlegging personell- og profesjonssamansetning i Helse Førde**

Dokumentet er grunnlag for kompetanse og rekrutteringsstrategi for Helse Førde 2035.

Fagdirektør Longfellow orienterte om:

#### **9. Hending ved Medisinsk avdeling 22. januar**

Den tragiske hendinga er ei §3-3a sak. Hendingsbasert analyse vert gjennomført.

#### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek meldingane til orientering.

## **010/2018      Rapportering frå verksemda per januar 2018**

#### **Oppsummering:**

*Adm. direktør Varden innleia rapporteringa med eit samandrag om:*

- Ventetid: Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var 46 dagar i januar mot 43 førre år. Ventetida går litt opp på øyre, nase, hals (kjeve) og hud.
- Tentative timar: 26. februar var det 11 621 komande episodar med tentativ time. Dette talet endrar seg frå time til time gjennom dagen.
- Aktivitet: Samla var aktiviteten i januar noko lågare enn planen. Det er nedgang i polikliniske konsultasjonar og døgnopphald, men auke i dagbehandlingar.

- Resultat: Rekneskapsresultatet for januar viser eit overskot på 2,2 mill. kroner, 162 000 lågare enn budsjett.
- Avvik fag og HMS: Klinikkane er bedne om å gje tilbakemelding på arbeidet med budsjett tiltaka, samt om det har vore Synergi- eller KAMU-saker som følgje av gjennomføring av tiltaka.

*Fagdirektør Longfellow orienterte om: Kvalitet – relatert til styringsdokument for 2018*

Overordna styringsmål er:

1. Redusere unødig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
3. Betre kvalitet og pasientsikkerheit

Status helsefaglege indikatorar per januar 2018, viser at Helse Førde er best i vest.

*Styret etterspør at ein for ettertida koblar rapporteringa opp mot styringsdokumentet.*

*Økonomidirektør Brandtzæg orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi*

### **Vedtak (samrøystes):**

Rapportering frå verksemda per januar 2018 vert teken til vitande.

### Saker til orientering:

## **011/2018      Oppfølging av forskrift om leining og kvalitetsforbetring**

### **Oppsummering:**

Forskrift om leining og kvalitetsforbetring vart gjort gjeldande frå 1. januar 2017. Den tydeleggjer leiinga sitt ansvar når det gjeld å planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere verksemda, og er ei revidering av internkontrollføreskrifta for helse og omsorgstenesta.

Føretaket har nytta 2017 til å systematisere eit kvalitetsstyringssystem basert på føreskrifta og standarden ISO 9001:2015.

*Adm. direktør Varden orienterte om oppfølging av forskrift om leining og kvalitetsforbetring.*

*Styret etterspør ei tilbakemelding av Leiinga sin gjennomgang.*

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tek saka til orientering, og ber administrerande direktør halde fram arbeidet med innføring av føreskrift om leining og kvalitetsforbetring.

**Oppsummering:**

Detaljplanlegging med arkitekt er no i gang, og arkitekt hadde i veke 6 første møterunde med seks ulike arbeidsgrupper som representerte heile sjukehuset.

Forprosjektet har to hovudutfordringar:

- Kostnadsvurderingane syner at omfanget som no ligg inne i prosjektet er ca. 200 millionar over vårt styringsmål for prosjektet
- Uavklart driftsmodell for framtidig akuttmottak kan seinke vår framdrift slik at planen ikkje kan haldast

Psykisk helsevern sine planar ligg fast. Ein arbeider med å finne nedtak i nybygg somatikk. Pilot for einerom med fleksibelt bad er under bygging.

Framdrift – oversyn og prinsipp:

- Psykisk helsevern sitt nybygg så raskt i oppstart som mogleg
- Nybygg somatikk treng litt lenger planlegging før start
- Sekvensielle prosjekt for å ha kontroll, fordele belastning på organisasjon og skaffe likviditet
- Investeringsbeslutning B4 i oktober 2018
- Planlegging vil gå fortløpande fram til B4

Kalkylar og framdrift blir kvalitetssikra og justert fram mot ferdigstilling av langtidsbudsjettet.

*Prosjektleder Solhaug orienterte om status for Nye Førde sjukehus.*

*Adm. direktør Varden stadfesta at det vert gjennomgang til styremøte i mars eller april om milepælar og beslutningar.*

*Premiss for slutføring av prosjektet skal etter planen leggest fram for styret i juni.*

*Merknad frå styret: Styret ønskjer at det vert gjennomført ros-analysar der det er tenleg i forprosjektet.*

**Framlegg til vedtak:**

1. Forprosjektet må arbeide vidare med kostnadsreducerande tiltak, herunder også vurdere nedtak i programmert behov.
2. Framdrifta i prosjektet skal sikrast ved at ein legg inn eit foreløpig rombehov på 8 plassar i ei observasjonseining ved akuttmottaket.
3. Føresetnadane for ferdigstilling av forprosjektet skal leggest fram i styremøte den 1/6-2018.

**Endringsframlegg frå styret til siste del i punkt 3:**

«..... så snart som hensiktsmessig.»

## Votering:

Adm. direktør Varden sitt framlegg til vedtak punkt 1 og 3, med styret si endring i siste del av punkt 3, vart samrøystes vedteke.

## Vedtak (samrøystes):

1. Forprosjektet må arbeide vidare med kostnadsreducerande tiltak, herunder også vurdere nedtak i programmert behov.
2. Føresetnadane for ferdigstilling av forprosjektet skal leggest fram i styremøte så snart som hensiktsmessig.

## 013/2018 Eventuelt

### Styret sin møteplan for 2018 vart gjennomgått og oppdatert

MØTEPLAN 1. HALVÅR 2018	
Møtedato	Møtestad
Fredag 23. mars	Kyrkjebø, Tronvik
Fredag 27. april	Lærdal, LSH
Tysdag 22. mai	Førde, FSS
Fredag 22. juni	Sogndal, ISP
MØTEPLAN 2. HALVÅR 2018	
Måndag 27. august	Førde, FSS
Fredag 21. september	Nordfjordeid, NPS
Måndag 29. oktober	Førde, FSS
Torsdag 22. og fredag 23. november	Førde, FSS
Tysdag 18. desember	Førde, FSS

## Skriv og meldingar

### Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Samhandlingsnytt, januar 2018
- Uttale frå Årdal kommunestyre til Helse Førde sitt budsjett for 2018, datert 25.01.2018
- Uttale frå Høyanger AP vedr. framtida til Tronvik psykiatriske behandlingsheim, datert 29.01.2018
- Brev frå Helse vest vedr. orientering om ny plan for internrevisjon 2018-2019, datert 12.02.2018
- Oppdragsdokument til Helse Vest RHF 2018
- RHF styresak 010/18 Konsernbudsjett 2018, investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett og justering av inntektsramma til helseføretaka
- RHF styresak 013/18 Helse 2035 – tiltaksplan
- Brev frå LPP Sogn og Fjordane vedr. Nybygg psykiatrisk klinikk, datert 20.02.2018

### Følgjande skriv og meldingar var lagt på bordet i møtet:

- Styringsmål 2018 – lommeformat
- Rapport Kartlegging personell- og profesjonssamansetting i Helse Førde
- Pasientens helseteneste Helse Førde 2030

Ref. Berit Irene Haarklau

---

Agnes Landstad  
Styreleiar

---

Anne Sissel Faugstad  
Nestleiar

---

Aud Ingrid Espeland

---

Reidar Sandal

---

Ole Gunnar Krakhellen

---

Tor Vidar Myklebust

---

Ivar Eriksen

---

Wenche Kristin Røkenes

---

Randi Aven

---

Hans Jacob Westbye

---

Arthur Norevik